


**Fra:** Per Sveinar Morsund  
**Sendt:** torsdag 19. september 2019 15:16  
**Til:** 'Ola K Feste'  
**Emne:** Svar på førespurnad vedrørende eigedom på Feste kai - gbnr 70/27 med fleire

Eg har forsøkt å kartlegge situasjonen i forhold til spørsmålet ditt. Området på Feste kai består av ei rekke eigedommar og det kan difor vere litt vanskeleg å få god oversikt over dei faktiske tilhøva på staden. Difor må eg ta eit lite atterhald om at der kan være informasjon på nokon av eigedommane som eg ikkje har funne fram til.

Flytebrygger:

Desse har landfeste til gbnr 70/27. Etter det eg kan finne vart det gitt løyve til desse i 1987. Nedanfor ser du størrelsen på det som vart godkjent. Flyfoto frå 2018 tyder på at dagens situasjon ikkje er i samsvar med gitt løyve.

Søknaden gjeld utlegging av 4 flytebryggjeelement 5 6 m med landgang på 10 m, totalt ca. 33 m lengde på anlegget. (Plass til 8 båtar 5 6 m). Flytebryggja skal liggja ved Feste nærkjøp sin private kai og nyttast til "Korttidsparkering" for kundar til landhandel, bunkring og gatekjøkken. Det er 13 bruk som har



Kaianlegg på gbnr 70/26 Feste nordre:

Sak nr 18/1171

Du finn heile saka ved å gå inn på denne lenkja;

[http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak\\_detaljer&arkivsakid=2018001171&](http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2018001171&)

Etter det eg kan sjå i denne saka var det opprinneleg tenkt ein planprosess for heile området for Feste kai. Denne reguleringsprosessen har ikkje blitt gjennomført. Istadenfor vart det 16.07.18 gitt dispensasjon og løyve til utviding av kaifront som ligg på gbnt 70/26.

Dette tiltaket gjeld kun utviding av kaifront og omfattar ikkje noko endring eller vedtak som gjeld flytebrygga nevnt ovanfor.

Det er førebels ikkje sendt ut brev til grunneigar for å be om redegjørelse. Dette vil vurderast som neste steg i prosessen for å finne ut situasjonen kring tilhøve med flytebrygga.

**Per Sveinar Morsund** | rådgjevar byggesak

**E-post:** [per.sveinar.morsund@lindas.kommune.no](mailto:per.sveinar.morsund@lindas.kommune.no) | **Telefon:** +47 56 37 54 66

**Kundesenter:** +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)

